



Arkiv: FA - U43
JournalpostID: 17/10413
Saksbehandlar: Janne Midtbø
Dato: 09.08.2017

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
115/17	Formannskap	17.08.2017

Dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen, for oppdrettsanlegg på Silda

Bakgrunn for saka:

Blom fiskeoppdrett AS har søkt om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen, for plassering av eit oppdrettsanlegg ved Silda. Søknaden er datert 24.05.2017 og supplert og revidert i oversending 27.06.2017 samt i to oversendingar 09.08.2017.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med § 19 i plan og bygningslova blir det ikkje gitt dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen, for oppdrettsanlegg ved Silda, med bakgrunn i søknad datert 24.05.2017, supplert og revidert i oversending 27.06.2017 samt i to oversendingar 09.08.2017. Kommunen avslår søknad om dispensasjon, frå NFFF-formålet i arealdelen til kommuneplanen, for oppdrettsanlegget.

Etter ei samla vurdering vil ikkje fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene. I tillegg vert omsyna bak bestemminga det vert dispensert frå og omsyna i formålsparagrafen til lova vesentleg tilsidesett. Kommunen har og motteke negativ uttale frå fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Formannskap 17.08.2017:

Møtebehandling:

Endringsforslag fra Sp, AP, H, V og Frp, foreslått av Nils Isak Myklebust, Senterpartiet
I samsvar med § 19 i plan- og bygningsloven blir det gitt dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen.

Søknaden godkjennast slik den kjem fra i siste reviderte tilsendte kart over utlegging av ankerfeste, der fiskarane og Fiskeridirektoratet sine innvendingar er tekne til følgje.
Formannskapet vurderer ulempende mindre enn fordelane.

Fiskeri- og havbruksnæringa er ei hovednæring i Vågsøy, og å utvikle denne næringa er ei høgt prioritert næringspolitisk oppgåve for Vågsøy kommune.

Votering:

Det ble votert alternativt over rådmannens instilling og endringsforslaget fremmet av et

samlet Formannskap.

Endringsforslaget fremmet av et samlet Formannskap enstemmig vedtatt.

F- 115/17 Vedtak:

I samsvar med § 19 i plan- og bygningsloven blir det gitt dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen.


Søknaden godkjennast slik den kjem fra i siste reviderte tilsendte kart over utlegging av ankerfeste, der fiskarane og Fiskeridirektoratet sine innvendingar er tekne til følge. Formannskapet vurderer ulempende mindre enn fordelane.

Fiskeri- og havbruksnæringa er ei hovednæring i Vågsøy, og å utvikle denne næringa er ei høgt prioritert næringspolitisk oppgåve for Vågsøy kommune.


Saksopplysningar:

Planstatus

Blom fiskeoppdrett as har søkt om dispensasjon frå NFFF-området for plassering av fortøyingar til nytt anlegg på Silda i Vågsøy kommune. Omsøkt anleggsutforming ligg innanfor område avsett til framtidig akvakulturanlegg, medan mykje av fortøyingar og ferdslforbudssona ligg i område avsett til NFFF (natur-, frilufts-, fiske og ferdselsområde). Ein mindre del av ferdslforbudssona ligg utanfor område avsett til akvakultur.



Bilda syner området som er avsett til framtidig akvakultur samt omsøkt anleggs plassering saman med formålsgrenser i kommuneplanen.



Retningslinjer til arealdelen som er førande for sakshandsaminga viser at fiske- og ferdslforbudssona er lagt inn i område avsett til akvakultur.


§8 A, Akvakultur

- Fiske- og ferdslforbodet rundt oppdrettsanlegg (etter Lov om oppdrett av fisk, skaldyr m.m. er fiskeforbodet på 100 m og ferdslforbodet på 20 m frå anlegg) er lagt inn i område for akvakultur.
- Akvakulturområda bør fyrst og fremst nyttast til fiskeoppdrett.
- Ved val av lokalisering av anlegg innanfor planlagt område for oppdrett skal ein ta omsyn til følgjande punkt:
- bør ikkje skje nær badeplassar


- bør ta mest mogeleg omsyn til friluftsområda. (Spesielt viktige friluftsområder er Vemmelsvik og Krokapollen.)
- bør vurderast i høve til andre arealbruksinteresser
- Ved planlegging av den enskilde oppdrettslokaliteten skal det etter ei avveging av storleiken og omfanget av tiltak på land gjerast ei vurdering av om tiltaka skal handsamast som reguleringsplan, eller som dispensasjon til arealdelen på land. Moment som talar for at det skal vurderast å lage reguleringsplan:
 - avkøyrsløp frå riksveg/fylkesveg
 - bygg som er større enn eit tradisjonelt naust (maks 50 m²)
 - fleire tankar for fôr
 - kai som ikkje naturleg er plassert saman med naustet eller som ikkje harmonerer med naustet i storleik
 - konflikt i forhold til utbygging-, natur- eller friluftsinnteresser.

Opplysningar gitt i søknaden:

Anlegget det vert søkt om består av 6 merdar med ein omkrets på 160meter fortøyd inne i ei rammefortøying med 6 rammer på 100 x 100 meter. Ramma og forflåten er plassert innanfor område avsett til framtidig oppdrett i arealdelen. Fortøyinga og fiske- og ferdsløforbodssonene ligg i nokon grad utanfor område avsett til framtidig akvakultur. I søknaden er det oppgitt at anlegget er planlagt plassert slik at det i minst mogleg grad er konflikt med rekefelt og verna område. Fortøyingane vil heller ikkje vere i konflikt med ferdsel. Ein etablering av anlegget vil medføre 2-3 faste arbeidsplassar på Silda. Vedlagt er fotomontasje som syner anleggsutforming.



Omsøkt anleggsplassering som viser at anker 10 og 11 er innanfor rekefeltet. Botnforholda for dei to ankerpunkta er kupert og truleg ikkje trålbart etter reker og ligg heilt i ytterkanten av registrert rekefelt.



Omsøkt anleggsplassering med ferdsleforbudssone på 20 meter og fiskeforbudssone på 100 meter.

Merknader til dispensasjonssøknaden:

Søknaden er nabovarsla og sendt på høyring til regionale høyringsinstansar. Merknadane er oppsummert i saka. Alle merknader og innspel ligg vedlagt saka. Blom fiskeoppdrett har vurdert ein del av merknadane i vedlegg, som er vedlagt saka. Referat frå folkemøtet som tiltakshavar heldt på Silda den 27.07.2017 er vedlagt saka. I møttereferatet er kommunen kritisert for å ikkje ha nytta registreringar frå Fiskeridirektoratet. I mars i år har Fiskarlaget og Fiskeridirektoratet revidert rekefelta. Dei nye kartleggingane er ikkje lagt ut på nett og kommunen kunne følgjeleg ikkje ha nytta dei nye grensene. Tiltakshavar har fått dei nye grensene og har justert søknaden i tråd med dette. Tiltakshavar har bedt Fiskarlaget i Sogn og Fjordane om uttale til ny plassering. Slik uttale er ikkje motteken.

1. [Merknad frå Jarl-Magne Silden, gbnr. 96/50, datert 30.06.2017](#)
2. [Merknad frå Andreas Rune Rundereim, gbnr. 96/1, datert 03.07.2017](#)
3. [Merknad frå Elin Silden, gbnr. 96/13, 14 og 97/24, datert 11.07.2017](#)
4. [Merknad frå Kystverket, datert 10.08.2017](#)
5. [Merknad frå Fiskeridirektoratet, datert 10.08.2017](#)
6. [Merknad frå Sogn og Fjordane Fiskarlag, datert 07.08.2017](#)
7. [Merknad frå Nordfjord Fiskarlag, datert 31.07.2017](#)
8. [Merknad frå Riksantikvaren, datert 09.08.2017](#)
9. [Merknad frå Bergen Sjøfartsmuseum, datert 11.08.2017](#)
10. [Merknad frå Rolf Frøysa og Jorunn Televik, gbnr. 96/4, datert 04.07.2017](#)
11. [Kopi av merknad frå Silda Velforeining til fylkeskommunen, datert 3.07.2017](#)
12. [Merknad frå Silda Velforeining, motteken 17.07.2017](#)
13. [Merknad frå Margunn Kvalheim Rae og Malcolm Ian Rae, gbnr. 96/2, datert 04.07.2017](#)

14. Merknad frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, datert 10.08.2017

15. Merknad frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 14.08.2017

Merknad frå Jarl-Magne Silden, gbnr. 96/50, datert 30.06.2017

- Silda er eit unikt ferie- og rekreasjonsområde med total ro og stillheit i pakt med naturen
- Utsikt frå hytta vert øydelagt mot aust
- Aktiviteten til anlegget, støy og visuell påverknad vil verke negativt inn på hyttebygging og utvikling av Silda
- I området er det eit utstrakt, både yrkes- og fritidsfiske etter fisk, hummar, reke og krabbe
- For skaldyr og nærliggande rekefelt vil bruk av kjemikaliar ved avlusing vere katastrofalt
- Lokaliteten ligg tett opp til eit naturreservat og viktige hekkeplassar

Vurdering av merknad frå Jarl-Magne Silden, gbnr. 96/50


Merknaden oppsummerer ein del av dei negative verknadane ved omsøkte oppdrettslokalitet. Innspelet er oppsummert under ulemper ved dispensasjonen. Søkar opplyser at dei vil avluse med Termolicer, det vil seie varmt vatn og ikkje kjemikaliar.

Merknad frå Andreas Rune Rundereim, gbnr. 96/1, datert 03.07.2017

- Plasseringa er midt i ein lokal fiskeplass «Klakkane» med ein lokal fiskestamme med storsei
- Rett nord for «Klakkane» ligg eit lokalt korallrev som er utrydningstruga og sårbart for plassering av oppdrettsanlegg
- Både verknader for den lokale storseistammen og korallrevet må konsekvensutgreiast.

Vurdering av merknad frå Andreas Rune Rundereim, gbnr. 96/1

Det vert vist til vurdering av merknaden frå søkar s. 7 i vedlegg «*Kommentar til merknader angående dispensasjon frå kommuneplan for oppdrett på Silda*» angående lokal seistamme. Både Sogn og Fjordane Fiskarlag og Nordfjord Fiskarlag har kome med merknader til dispensasjonen og har ikkje innspel om ein lokal seistamme som det må takast omsyn til. Merknaden vert med bakgrunn i dette ikkje teken til følgje. Det vert vist til vurdering av merknaden frå søkar s. 7 i vedlegg «*Kommentar til merknader angående dispensasjon frå kommuneplan for oppdrett på Silda*» angående korallrev. Gjennom kartleggingsprosjektet for kystsona har vi motteke førebels bunntypekart frå NGU. Det er ikkje registrert korallrev her. Ingen av dei 250 videoklippa som er tekne viser teikn til korallrev.



Med bakgrunn i dette vert det ikkje sett krav til konsekvensutgreiing av mogleg korallrev.

Merknad frå Elin Silden, gbnr. 96/13, 14 og 97/24, datert 11.07.2017

Det blir protestert på utlegging av oppdrettsanlegg som omsøkt. Området er eit viktig fiske- og rekreasjonsområde for både innbyggjarar og turistar på Silda. Eit oppdrettsanlegg vil i framtida skade Silda som ei naturperle og fiskeplassen.

Vurdering av merknad frå Elin Silden, gbnr. 96/13, 14 og 97/24

Merknaden viser til ulemper ved plassering av oppdrettsanlegget som omsøkt. Dei negative verknadane er tekne med under ulemper i den samla vurderinga av søknaden.

Merknad frå Kystverket, datert 10.08.2017

Lysa frå anlegget må ikkje vere blendande for snøggbåtane i mørket, noko Kystverket vil kome attende til under handsaming av konsesjonssøknaden. Kystverket vil soleis ikkje motsetje seg at det vert gitt dispensasjon frå kommuneplanen. Kystverket vil ta endeleg stilling til plassering av anlegget ved handsaming av konsesjonssøknaden.

Vurdering av merknad frå Kystverket

Kommunen tek til orientering at Kystverket ikkje motset seg at det vert gitt dispensasjon frå kommuneplanen.

Merknad frå Fiskeridirektoratet, datert 10.08.2017

Fiskeridirektoratet region Vest understrekar at spørsmål kring endring avakvakulturområde primært bør løysast gjennom revisjon av kommuneplanen i stadenfor i ein dispensasjonssøknad. Fiskeridirektoratet tilrår likevel dispensasjon og stiller som vilkår at fortøyingane ikkje er til hinder for reketråling i Sildafjorden og at fortøyingane vert lagt ut slik som avtalt med søkjar i møte med Vågsøy kommune 8. august i år.

Sogn og Fjordane Fiskarlag har sendt si høyringsuttale i saka til kommunen. Denne uttala er skriven før det vart konkludert med å legge fortøyingane utanom det nyleg reviderte rekefeltet.

For å få plass til meir robuste akvakulturanlegg, betring i fiskevelferd og betre rømmingstryggleik, treng akvakulturnæringa større sjøareal for anlegga sine enn det som var vanleg når kommuneplanen for Vågsøy var vedteken i 2002. Dette, i lag med at vi i samråd med søkjar har endra plassering av fortøyingane slik at dei ikkje kjem i vegen for utnytting av reketrålfeltet i Sildefjorden, gjer at vi meiner føremonene ved å gje dispensasjon for at fortøyingane skal gå utanom areal sett av til akvakultur, er større enn ulempene. Fiskeridirektoratet rår difor kommunen til å godta søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel og arealføremålet NFFF (Natur, Friluftsliv, Fiske og Ferdsel) for plasseringa av fortøingar.

Vurdering av merknad frå Fiskeridirektoratet

Merknaden vert teken til orientering. Ny plassering er omsøkt i tråd med avtalt plassering i møte den 8.8.2017.

Merknad frå Sogn og Fjordane Fiskarlag, datert 07.08.2017

Sogn og Fjordane Fiskarlag går imot søknaden om oppdrettsanlegg på Silda, med bakgrunn i at fartøy for reketråling må ha heile det registrerte feltet tilgjengeleg. Oppdrettsanlegget hindrar og krepsefiske og skylle-kasting av snurpenøter.

Vurdering av merknad frå Sogn og Fjordane Fiskarlag

Det vert vist til merknad frå fiskeridirektoratet, som er samd med ny omsøkt plassering der ein har teke omsyn til den trålbare delen av rekefeltet. Fiskeridirektoratet har ikkje merknader knytt til krepsefiske og skylle-kasting av snurpenøter. Reduserte områder for krepsefiske og skylle-kasting av snurpenøter ein negativ verknad av ein eventuell

dispensasjon.

Merknad frå Nordfjord Fiskarlag, datert 31.07.2017

Nordfjord fiskarlag kan ikkje akseptere at delar av rekefeltet på sør-aust sida av Silda vert bandlagt til fortøyingar. Heile rekefeltet må vere tilgjengeleg. Området vert nytta til krepsefiske, reketråling og av ringnotbåtar. Området er godt eigna med bakgrunn i at det er lite straum som gir avdrift.

Vurdering av merknad frå Sogn og Fjordane Fiskarlag

Det vert vist til merknad frå fiskeridirektoratet som er samd med ny omsøkt plassering der ein har teke omsyn til den trålbare delen av rekefeltet. Fiskeridirektoratet har ikkje merknader knytt til krepsefiske og skylle-kasting av snurpenøter. Reduserte områder for krepsefiske og skylle-kasting av snurpenøter ein negativ verknad av ein eventuell dispensasjon.

Merknad frå Riksantikvaren, datert 09.08.2017

Silda hamn, der moloane er freda, omfattar moloane med hovudform, teknisk konstruksjon og materialbruk. Fredinga omfattar heile konstruksjonen saman med fundamentering under vatn. For Riksantikvaren går det ikkje fram om dei freda moloane vert påverka av tiltaket, men dersom fortøyingane eller anna får innverknad på moloane vert det føresett at kommunen søker Riksantikvaren om dispensasjon frå fredinga.

Vurdering av merknad frå Riksantikvaren

Merknaden vert teken til orientering. Det går ikkje fram av søknaden at moloen eller fundamenteringa under vatn vert påverka av oppdrettsanlegget eller forankring av det.

Merknad frå Bergen Sjøfartsmuseum, datert 11.08.2017

Det omsøkte området har høgt potensial for marine kulturminne. I tråd med lovverket i høve til kulturminne under vatn, mellom anna meldeplikten jfr. kulturminneloven § 14 tredje ledd er det viktig å melde funn. Bergens Sjøfartsmuseum har ingen merknad til at det gis dispensasjon frå kommuneplanen.

Vurdering av merknad frå Bergen Sjøfartsmuseum

Merknaden vert teken til orientering.

Merknad frå Rolf Frøysa og Jorunn Televik, gbnr. 96/4, datert 04.07.2017

- Det er uheldig å handsame dispensasjon når kommuneplanen sin arealdel er under revisjon
- Sildasamfunnet og bruken av Silda er svært endra sidan tidleg på 2000-talet. No er Silda ein stad for rekreasjon og fritid. Hamna har og endra seg i tråd med bruk til fritidsformål.
- Fortøyingane går vesentleg inn i NFFF-området
- Nærleik til freda område for sjøfugl. Fuglen nyttar eit større område enn det som er freda
- Som nabo vert ein sterkt råka av ureining med støy, lys og biologisk avfall
- Omsøkte anlegg vil øydelegge heile austsida av Silda

Vurdering av merknad frå Rolf Frøysa og Jorunn Televik

Kommune er samd i at det er uheldig å handsame dispensasjonen når arbeidet med ny arealdel er komen så langt. Sildasamfunnet har endra seg sidan gjeldande arealplan vart utarbeidd i 2002. Sildasamfunnet ber klart preg av å vere ein stad for rekreasjon og fritid. Som det går fram av kartutsnitt i saka går fortøyingane vesentleg utanfor område avsett til framtidig akvakulturanlegg. Det same er gjeldande for fiskeforbodssona. Nærleiken til det freda naturreservatet for sjøfugl tilseier at området vert brukt av sjøfugl. Det er negative verknader knytt til støy, lys og biologisk avfall som det i noko grad er mogleg å gjere avbøtande tiltak for å redusere ureininga.

Kopi av merknad frå Silda Velforeining til fylkeskommunen, datert 3.07.2017

Silda har utvikla seg til eit rekreasjonsområde med svært mange brukarar på land og i hamna.

Lokaliteten ligg kloss i nærleiken av verneområdet Sildakruna naturreservat. Søknaden inneheld faktafeil. Fiskarlaget har ikkje vert inne i saka. Det er ikkje grunn til tru at det vert 2-3 arbeidsplassar. Selskapet vil nok hente inn eigne arbeidarar. I gjeldande plan er delar av området avsett til låssetting. Fiskeområdet Klakkane vert øydelagt. Området er den beste plassen for fisking av sei og lyr og er ein velkjend fiskeplass for kveite og hummar. I kanten ned mot djupet er eit korallfelt. Sikringssona vil gjere at fjøra i Nord-Silda vert avstengt for bruk av kaier og naust. Det er opparbeidd stiar og kvileplassar som med støy frå anlegget ikkje vil verte som før.

Vurdering av merknad frå Silda velforeining

Det vert vist til vurdering av merknad 12. Gjeldande kommuneplan har ikkje låssetting inne og akvakulturområdet er utvida. Gjeldande plan er vist i saka. Ferdslforbodssona på 20 meter vil ikkje gjere fjøra og nausta på Nordre Silda utilgjengeleg.

Merknad frå Silda Velforeining, motteken 17.07.2017

Proessen med oppdrettskonsesjonen må utsetjast til ny arealdel til kommuneplanen er vedteken.

1. Laksemerdane vert liggande i to blanke sektorar frå Silda lykt. Er dette vurdert som sjøtrafikksikkert?
2. Det er hevda at kystverket og fiskarlag har hatt saka
3. Plassering av merdane er i fotomontasje vist lenger mot aust enn på tilsendt kart
4. Er ferdslavstanden på 20 meter å rekne frå ytre bøyer eller frå merdane. Ved andre anlegg er det kravd 150 meter
5. Merdane må truleg forsynast med straum frå aggregat. Er støy og ureining vurdert?
6. Korallrevet i djupekanten, aust for Hestehola, rett under nordre merdeplassering er synleg på ekkolodd og godt kjent av lokale fiskarar.
7. På folkemøtet angående revisjon av arealdelen vart sjøområda ikkje nemnde. Fokuset på møtet var Inf, fritidshus og fuglereservat.

Vurdering av merknad frå Silda velforeining


Spørsmål kring endring av akvakulturområde bør primært løysast gjennom revisjon av kommuneplanen i staden for i ein dispensasjonssøknad.

1. Kystverket har ikkje vurdert anleggsplasseringa til å vere i konflikt med sjøtrafikk
2. Kystverket og fiskarlaga har kome med merknader til dispensasjonssøknaden
3. Fotomontasje er illustrasjonar og det er kartvedlegget som vert lagt til grunn ved vurdering av dispensasjonen
4. Fiske- og ferdslforbodssonene er heimla i Forskrift om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskriften) § 18: «§ 18.Fiske- og ferdslforbud. Det er forbudt å drive fiske nærmere anlegget enn 100 meter og å ferdes nærmere enn 20 meter. Avstanden måles fra en rett linje trukket mellom anleggets faktiske ytterpunkt i overflaten.» Kartskisse i saken viser desse sonene.
5. SFE stadfestar at det er nok kapasitet til straumføring i Sjøkabelen til Silda. Men dette krev oppgraderingar av trafoane, både i Osmundsvåg og Silda. Tiltakshaver opplyser at når dette er gjort vil ein trekke kabel direkte frå trafo på Silda til flåten ved anlegget. Det er negative verknader knytt til støy, lys og biologisk avfall. Det er i noko grad er mogleg å gjere avbøtande tiltak for å redusere ureininga.
6. Angående korallrev sjå vurdering av merknad 2.
7. På folkemøtet vart både land- og sjøareal presentert. Oppsummering frå møtet viser visjonen for Silda. Det er tydeleg at visjonen er utvikling av Silda som ein ferie og fritidsstad.



Kartet over kvalitetar som kommunen viste har fokus på både land og sjø.

- viktige kvalitetar er markert med stjerne
- grøne samband som kan takast vare på og styrkast
- viktige område knytt til sjøliv er markert med blått, hamna på Silda er spesielt markert som god hamn
- Øya har store natur, og friluftsverdiar og potensiale for etablering av fritidsbustader
- Store fiskemoglegheiter og fiskeoppdrett



Kartet oppsummerer visjonen for Silda som vart arbeidd fram på folkemøtet. Visjonen viser ein tydeleg visjon om ei sprell levande øy som er prega av fritidsbusetnad med ein offentlig infrastruktur med hamn og båtrute.

Merknad frå Margunn Kvalheim Rae og Malcolm Ian Rae, gbnr. 96/2, datert 04.07.2017

Som nær nabo vil støy og anleggsplassering vere sterkt sjenerande for fritidsbruken av hytte med stillheit og ro.

Vurdering av merknad frå Margunn Kvalheim Rae og Malcolm Ian Rae

Støy og plassering i nærleiken av fritidsbustader er ein ulempe ved anleggsplasseringa.

Merknad frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, datert 10.08.2017

Miljøvernavdelinga rår frå å gje dispensasjon, for å etablere fortøyingar i sjøområde som er sett av for allmenn fleirbruk (FFNF) i kommuneplanen, nord for akvakulturområdet.

Miljøvernavdelinga kan ikkje sjå at fordelane med tiltaket i denne saka er klart større enn ulempene for naturverdiane i området. Søknad om dispensasjon oppfyller derfor etter vår vurdering ikkje vilkåra for å gi dispensasjon etter § 19-2 i pbl, andre ledd.

Å plassere eit oppdrettsanlegg med stadig ferdsel av menneske dryge 200 m frå reservatet vil etter vårt syn kome i direkte konflikt med verneføremålet. Stadig menneskeleg aktivitet på så kort avstand, i eit område der det tidlegare ikkje har vore slik aktivitet, vil etter vårt syn heilt klart kunne påverke hekkinga negativt. I tillegg kjem støy, og dei meir omfattande forstyrringane som følgjer ved bruk av brønnebåt og ved andre særlege omstende. Vi viser til § 49 i Naturmangfaldlova: *«Kan virksamhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår»*.

Akvakulturlokaliteten var opphavleg tenkt å skulle romme både sjølve det flytande anlegget og nødvendige forankringar i sjøbotnen. Det bør ikkje plasserast ut større anlegg i lokaliteten enn at heile anlegget, inkludert ankerpunkt, kjem innanfor grensene for lokaliteten. Dette vil føre til eit mindre anlegg og ein avstand til reservatet som kan vere akseptabel, sjølv om også dette vil vere i næraste laget. Fylkesmannen tilrår generelt at oppdrettsanlegg ikkje blir utplassert nærare enn høgst 500 m frå sjøfuglreservat.

Vurdering av merknad frå fylkesmannen

Merknaden vert teken til følgje, jf. Pbl § 19-2, fjerde ledd som viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden. (*«Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.»*)

Merknad frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 14.08.2017

Bergens sjøfartsmuseum vil uttale seg i saka i høve kulturminne i sjø. Ut over dette har vi ikkje merknader om kulturminne på land eller andre av fylkeskommunen sine fagområde.

Vurdering av merknad frå fylkeskommunen

Merknaden vert teken til orientering.

Kommunen skal vurdere ein dispensasjon i forhold til:

- om omsynet bak bestemminga det blir dispensert frå, eller omsynet i formålsbestemminga vert vesentleg tilsidesett
- om fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering
- om det blir lagt tilstrekkeleg vekt på konsekvensar for helse, miljø sikkerheit og tilgjenge
- om det er lagt vekt på nasjonale eller regionale rammer og mål
- om det er lagt tilstrekkeleg vekt på om det er negativ uttale frå statleg eller regional fagmynde
- om det blir dispensert frå sakshandsamingsreglar

Kommunen kan ikkje gje dispensasjon dersom vurdering etter første, andre og siste strekpunkt ikkje oppfyller vilkåra i lova. Det er i dette tilfellet ikkje ein dispensasjon frå sakshandsamingsreglar. Det er derfor ein vurdering etter punkt 1 - 2 som vil være avgjerande for om søknaden kan imøtekomast.

Kartlagde interesser:

Omsøkt areal er ikkje avmerkt som aktsemdområde for skred. Det er heller ikkje kjent at det er farleg byggegrunn.

Det er ikkje kjent at det er andre verknader for helse, miljø og sikkerhiet som gjør seg gjeldande for dette området.

§ 1 i naturmangfaldlova skal leggst til grunn ved skjønnsutøving av vedtaket. «§ 1. Lovens formål Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur. «


Naturmangfaldlova inneheld vidare nokre sentrale prinsipp i §§ 8-12 ("miljørettslege prinsipp") som skal leggst til grunn som retningslinjer. I samsvar med naturmangfaldlova (nml) skal det registrerast kunnskap om naturmangfaldet. Det er ikkje funne registreringar i artsdatabanken: www.artsdatabanken.no eller på fylkesatlas: www.fylkesatlas.no (jf. naturbasen)].



Sildakruna naturreservat for hekkande sjøfugl ligg like nord for omsøkt lokalitet. Det er kome fram opplysningar om lokal kunnskap om eit mogleg korallrev. Gjennom kartleggingsprosjektet for kystsona har vi motteke førebels bunntypekart frå NGU. Det er ikkje registrert korallrev her. Ingen av dei 250 videoklippa som er tekne viser teikn til korallrev. På grunnlag av dette har ein vurdert det slik at dette er tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag i samsvar med § 8 i nml. Det er ikkje registrert viktige naturtypar innanfor planområdet, eller spesielle verdiar i forhold til biologisk mangfald.

Ei utbygging som omsøkt kan gjere irreversibel skade på naturmangfaldet, jf. nml §9. Omfanget av tiltaket er stort og kan utgjere ei stor belastning for naturverdiane, jf. § 10 i nml, i hekketida. Både støy og menneskeleg aktivitet nær inntil reservatet kan verke forstyrrande inn på hekkinga. Det er ikkje grunn til å stille særlege vilkår, i tråd med § 12 i nml, om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Dette vil bli handtert under handsaming av konsesjonssøknad for anlegget. § 11 om at tiltakshavar skal dekke kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet blir rekna som lite relevant for dette vedtaket.

Oppsummering og konklusjon:



Bilde av omsøkt anleggsplassing er lagt under formålsgrensene i kommuneplanen, som er vist med raud strek. Bildet viser at ein mindre del av ferdsleforbudssona og større delar av fiskeforbudssona er utanfor område av sett til framtidig akvakulturområde i kommuneplanen. Ein stor del av forankringa er også utanfor område avsett til akvakultur.

Dispensasjon og vurdering av om omsynet bak bestemminga det vert dispensert frå blir vesentleg tilsidesett og ein vurdering av om fordelane er klart større enn ulempene

Omfanget av tiltaket er stort og kan utgjere ei stor belastning, jf. § 10 i nml, i hekketida. Både støy og menneskeleg aktivitet nær inntil reservatet kan verke forstyrrande inn på hekkinga. Dispensasjon frå NFFF-område i denne saka vil gje ulemper for forhold som naturmangfaldlova skal ivareta. Dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 er ikkje ivaretatt. Tiltaket vil verke inn på verneverdiene i Sildakruna naturreservat og dette skal det leggjast vekt på ved avgjerd i dispensasjonssaka jf. § 49 i Naturmangfaldlova: «Kan virksamhet som trengjer tillatelse etter annan lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår».

Fordelar og positive verknader:

- meir robuste akvakulturanlegg, betring i fiskevelferd og betre rømmingstryggleik

Ulemper og negative verknader:

- Silda er eit unikt ferie- og rekreasjonsområde med total ro og stillheit i pakt med naturen som vert endra og får mindre verdi ved plassering av oppdrettsanlegg som omsøkt
- Utsikt frå hytter vert dårlegare
- Aktiviteten til anlegget, støy og visuell påverknad kan verke negativt inn på hyttebygging og utvikling av Silda
- Anlegget beslaglegg eit område der det er både yrkes- og fritidsfiske etter fisk, hummar, reke og krabbe

- Lokaliteten ligg tett opp til eit naturreservat. Føremålet med vernet er å gje sjøfuglane gode og trygge livsvilkår og å ta vare på ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl med naturleg tilhøyrande vegetasjon og dyreliv. Sildekruna er tradisjonelt en av dei største gråmåsekoloniane i fylket. Både støy og menneskeleg aktivitet nær inntil reservatet kan verke forstyrrande inn på hekkinga.
- Lys frå anlegget kan verte skjenerande både sett frå land og for sjøtrafikk.
- Ureining med støy og biologisk avfall
- Reduserte områder for krepsefiske og skyllekasting av snurpenøter
- Usikkert om det er eit korallrev i utkanten av området

Hovudomsynet bak NFFF-formålet i kommuneplanen er å ivareta omsynet til natur, fiske, ferdsle og friluftsliv. Tiltaket kjem i vesentleg konflikt med disse interessene. Området som blir omfatta av fiskeforbodssona er eit viktig lokalt fiskeområde både for yrkesfiskarar og fritidsfiske. Ein del av ferdsleforbodssona går og utover område avsett til framtidig oppdrettsområde.

§ 1-1.Lovens formål

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.

Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelder hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.

Ein vurderer det og slik at omsynet bak formålsbestemminga i plan- og bygningslova § 1-1 blir vesentleg tilsidesett ved tiltaket. Planlegging etter lova skal sikre eit samordning av interesser og gje grunnlag for vern og bruk av ressursar. Planlegging og vedtak skal sikre openheit, fortseielege vedtak og medverknad frå dei som vert omfatta av tiltak. Det er viktig at tiltak med store verknader for mange vert til gjennom planprosessar og ikkje gjennom einskildvedtak. Kommunen er i gang med revisjon av arealdelen til kommuneplanen og det er ikkje kome innspel til vidareføring av oppdrettslokaliteten på Silda. Det er gjennom folkemøte og einskildinnspel til dette arbeidet kome innspel som stadfestar at det er ynskje om å utvikle Silda til ei øy for fritidsliv og rekreasjon, med hyttebygging som viktigaste faktor for å utvikle Silda til ei «Sprell levande øy». Sildasamfunnet har endra seg sidan gjeldande arealplan vart utarbeidd i 2002. Sildasamfunnet ber klart preg av å vere ein stad for rekreasjon og fritid. Som det går fram av kartutsnitt i saka går fortøyingane vesentleg utanfor område avsett til framtidig akvakulturanlegg. Det same er gjeldande for ferdsleforbodssona samt ein mindre del av fiskeforbodssona.

Det skal ikkje vere kurant å fråvike gjeldande planer som omhandlar konkret forhold som har blitt til gjennom ein omfattande avgjerdsprosess og som er vedtatt av kommunestyret. Dispensasjonar må heller ikkje undergrave planane som informasjons- og avgjerdsgrunnlag. Endringar av betyding i planar bør ikkje skje som dispensasjonar, men handsamast som planendringar. Endringa i dette tilfellet er betydeleg og bør handsamast som planendring.

Ved ein vurdering av fordelar og ulemper ved tiltaket er det i utgangspunktet fordelar og

ulempen for dei allmenne interessene som skal avvegast. Det vil derfor i hovudsak vere samfunnsmessige omsyn av planfaglege og arealdisponeringsmessig karakter som skal vektleggast ved vurdering av fordelar og ulemper. Oppdrettsanlegget, som omsøkt, vil vere i overvekt negativt for samfunnsinteressene ved at fiske, ferdsle og fritidsområda vert avgrensa. Det er og overvekt av negative verknader knytt til naturverdiane. Fordelen ved tiltaket er at ein får eit meir robust akvakulturanlegg, betring i fiskevelferd og betre rømmingstryggleik ved tiltaket. Anlegget vert vesentleg større enn det som var utgangspunktet for planen i 2002 og Sildasamfunnet har sidan 2002 utvikla seg til å bli ei øy for fritidsbustadar og turistar. Tiltaket bør difor vurderast i samband med revisjon av arealdelen til kommuneplanen.

Kommunen konkluderer med at det er uheldig å handsame dispensasjonen når arbeidet med ny arealdel er komen så langt.

Kommunen har motteke merknad frå fylkesmannen der dei rår kommunen frå å gje dispensasjon. Miljøvernavingdelinga kan ikkje sjå at fordelane med tiltaket er klart større enn ulempene for naturverdiane i området. Pbl § 19-2, fjerde ledd viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional eller statleg styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden.

Søknaden om dispensasjon frå NFFF-formålet blir med bakgrunn i desse vurderingane avslått.

Gebyr

Søknadsppliktige tiltak er gebyrbelagt i tråd med gebyrregulativet til kommunen for 2017. Kap. 17.7. Dispensasjon etter PBL § 19-2 der andre mynde er høyringspart kr. 10 920,- Faktura blir sendt ut seinare og i eige brev.

Vedlegg i saka:

Vedrørende nabovarsel gjeldene fiskeoppdrett av dato
21.06.2017 fra gbnr 96/4 ved Elin Silden
Tilsvar til nabovarsel, lakseoppdrett Silda.
Tilsvar til nabovarsel, lakseoppdrett Silda
Uttale fra Kystverket - søknad om dispensasjon fra
arealdelen av kommuneplanen - ny akvakultur lokalitet på
Silda
Uttale til dispensasjonssøknad for plassering av fortøyninger
til nytt anlegg på Silda - Vågsøy kommune,
Fiskeridirektoratet
Silda Fiskeriinteresser
Uttale frå Sogn og Fjordane Fiskarlag - Dispensasjon frå
kommunedelplan, påtenkt oppdrettsanlegg Silda
Fiskerihamna på Silda - Etablering av oppdrettslokalitet -
Dispensasjon – Høring – Riksantikvarens merknader
SV 171278-7 Dispensasjon fra kommuneplanen,
oppdrettslokalitet på Silda, førespurnad om uttale
Protest mot søknad om dispensasjon fra planføresegn i
kommuneplan
Merknad vedrørende lakseoppdrett ved Silda

Merknad til nabovarsel gbnr 96/2
Innspill til etablering av oppdrettslokalitet ved Silda
Søknad om dispensasjon fra planføresegn i kommuneplanen
Følgeskriv - søknad om dispensasjon fra planføresegn i kommuneplanen
1 Nabovarsel
2 GPS posisjoner Silda 1
3 Silda 7
4 Kart over fiskeriinteresser
5 Blom Fiskeoppdrett Silda_01
6 Blom Fiskeoppdrett Silda_02
7 Blom Fiskeoppdrett Silda_03
Kommentarer til merknader angående dispensasjon fra kommuneplan for fiskeoppdrettslokalitet på Silda
Følgeskriv - Kommentarer til merknader angående dispensasjon fra kommuneplan for fiskeoppdrettslokalitet på Silda
Intensjon om samarbeid opplæring Måløy VGS
Svar fra Norges Geologiske Undersøkelse
Posisjoner Silda
Endringer fortøyninger på Silda
Generell_2017_NO_verdiskaping_ringvirkninger_potensial
Referat frå folkemøte 27.07.17 - Etablering av oppdrettsverksemd ved Silda
Fråsegn til søknad om dispensasjon fra kommuneplanen for plassering av fortøyingar til nytt oppdrettsanlegg på Silda
Dispensasjon frå kommuneplanen, oppdrettslokalitet på Silda
Vedrørende tilråding fra Fylkesmannen gbnr 115/17 oppdrettslokalitet på Silda
Følgeskriv - vedrørende tilråding fra Fylkesmanne gbnr 115/17
Søknad om dispensasjon - innspill til uttale fra Fylkesmannen
Følgeskriv - innspill til utale fra Fylkesmannen